

OLAV SLETTO:

UM

TYSK

LAND

EIT LITE UTSYN

**RINGEN FORLAG
KRISTIANIA 1914**

Berlin.

1.

Du kjem her fri og framand, og kann gaa og sjaa paa byen som noko heilt nytt for deg. Du har synet ope.

Fyrst starvar du daa gjerne uti vestkanten av byen, der er so trygt, der har rikdomen bygt seg fredsame eigne hus og hagar. So gaar du etterpaa ute i austkanten kannhende, og du vert noko ottefull her, for her held trældomen heime. Men um du vil ha yversyn yver denne framandstaden du har fare til, daa lyt du stiga høgre enn alle hustak og gaa i Raadhustaarnet – vidare utsyn enn her kann du ikkje faa i Tysklands hovudstad.

Med du no staar uppe i Raadhustaarnet ligg storbyen under deg som ei uroleg steinmork – so langt, langt til han blaanar burt i dis. Kyrkjetaarn, hustindar og gauvande fabrikkpipor stikk seg upp som dulsame teikn. Gatorne er berre smale veiter nede i den graae grunnen, og der nede aular mannalivet.

Men i mengdi og myrja av alt du her ser, kann du knapt skilja det eine fraa det andre, ikkje paa eit bil. Legg daa umsider mark til strogata Unter den Linden, og lauvskogen der lengst ute paa Thiergarten; du ser det veldige riksdagshuset med kopargyllt kuppel og fire taarn. Du held fast ved det store og klaaraste fyrst, og gaast so snart med meir og meir av det mindre. Og fær ein sterk tokke av millionbyen Berlin. Ein sterk tokke av stein, og graatt, og røyk. Ei sterk men fjerr during liksom av ei kjempekvern som mël ævigt ustoggande. Og med di du merkar attaat, at all denne vidaatta av stein ligg i lett skjelving, og lugtar so underlegt av brent aur, so vert du snart trøytt og ør. –

Men no kann du liva her i Berlin i nokre vikor etter dette fyrste utsjaaet. Du skal faa røyna det bisnelege, at du fær ikkje meir ifraa deg tyngsla av trøyttleiken so lenge du bur her. Desse opne steingatorne med svoltne platantré burtetter har ingi magt til aa gjera deg glad. Og desse bratte murveggjer med rad yver rad av daude vindaugo, kva venskap har dei aa bjoda deg! Dette harde og store og tunge utan nokon stans eller skifting, du kann aldri gaa det nær, du maa einast vika for det. Og naar du gaar paa dei store ferdaveggjer i denne byen t.d. Franckfurterstrasze, so møter her eit jag so alvorshardt, med so heitt pust, at du sjølv maa berre stogga og stira. Paa eit anna vis um du

sviv ein fyremiddag langs dei tri største stormannsgatorne: Du finn her tidt ei stilla, som kann faa deg til aa tru, at no har du kome burtanfor alt liv og all natur.

Du kann gaa og gaa innmed alle desse storbygningar i den tyske rikshovudstaden – gaa og traa etter vitnemaal um menneskjeleg hug, etter bragd av skapande kunsthug. For det er nok bygningsteknikk og sterke regjeringspaabod, og kjøpmannsaand og pengeaand som har reist alle desse museum, bankhus, børsar, kyrkjer og riksbygningar du her ser. Ikkje møter du svip av tysk aand og hand, ikkje ljoske av nærskyld haatt og tanke. Det er stort og hardt og sjælelegt framandt det aller meste. Det er det materielle og mekaniske arbeid, som her stirer paa deg med heile si vegt. Og det er umaatelegt so tungt det verkar.

2.

Berlin har ikkje vakse jamt og rolegt fram til storby. Han har heller vorte bygt med kraft og klemm, og etter riksens vilje. Nettupp nytysk politikk og stordrift har tvinga byen upp so yverlag braatt.

For fire og sytti aar sidan hadde Berlin noko yver hundratusen hovud. No har han sine 3 millionar. Serleg har dei siste firti aar vore ustanselig meirauking. Men retteleg storby i nyaste meining vart Berlin fyrst noko etter 1880, daa kom han med heitare andedrag i pengestridd og livskamp, enn nokon annan hovudstad paa fastlandet.

Storbyarne er ikkje nationale, dei er verdsborgarar, men like i sjæl og aasyn, og bygt etter same teknik, av same orsak. Berlin har daa ogso alle kjennemerke i vondt og godt, som storbyarne elles rundt i vide verdi: Lenge har han havt sitt proletariat, som træljar utpint med arbeidshamrarne, og hatar! Her er ynkelegt misbruk av barn i myrke, sotute verkskjellarar. Kvende med liv under brjost – og veike mødrar vert rekna til billig arbeidskraft, og maa tjonast burt i fabrikarne. Her er fælslege leigegardar, her er husnaud og tyngsla, og yver alt anna elende stig stank og pest dag og natt fraa dei ovstore slagteri austi byen.

Berlin er heilt og fullt storbyen ogso paa anna vis. Her med sig materialisma ovanfraa og nedetter til alle lag vert gjennomsyra. Her føder ogso storbyaanden hjarteløysa i tevling paa alle umkverve og i

alle krinsar – ikkje minst svikefull traanad etter njotingi. Byen staar heller ikkje attende med umsyn til aukande moralløysa.

Men likso hasteleg Berlin har vorte stor i alt anna, har han med vorte stor i vurnad – i heile det tyske riket. Byen har elles lett soleis til aa tykkjast stor for augo. All hans stordom er til aa taka paa med handi, statistiken kann syna med tal so klaart og skillegt. Folket kjem i age. T.d. Berlin verkar meir av mange, mange slag enn nokon annan by i riket – fører det største varebyte – sender i gang dei fleste banksetlar og vekslar. Og byen samlar heile landet til riksdagen og sambandsraadet. Og byen har fleire høge officerar paa sine gator enn nokon annan stad i riket. Og det som meir er, her bur keisaren, toppen og teiknet, og her er hoffet med alle sine løynde kvelv.

3.

Det som nokre førande og rike inne i ein storby el fram i samlivet med kvarandre, det vert radt aanden og tonen for ein serleg flokk utyver heile landet. Ikkje minst høver dette paa hovudstaden og det tyske riket no um stunder.

Det som Berlin skaper av smak, tankegang og livssyn, det gyt seg merkelegt fort utyver, det verkar smaatt umskapande paa tysk folkehug, For kvart aaret verkar rikshovudstaden med større styrke, det er synlegt. Berlin tek til aa faa førarskap ikkje berre i politikk, men paa aandelege umkverve – trass München, Dresden, Leipzig. Han fær leidande rang paa umkverve, som han i eldre dagar aldri vann aa staa seg.

No kunde førarskapen aat Berlin vera vel nok. Men berlinaraanden er ein aand av framandt slag i Tyskalnd. I grunnen er han i stort motdrag mot det som i sanning er grunntysk haatt og bragd, han er framand for tysk lynde. I all vissa er det eit gil millom berlinarhug og tysk folkesjæl, som ingen med ærlegt syn kann dylja burt. Og som truleg Tyskalnd misfer seg mykje i, at dei vil gløyma av.

I noko eldre tid – fyrr Berlin enno var rikshovudstad, gløymde ikkje Tysklands lærarar og leidarar aa verna mot berlinaraanden. Berlinardraget er i hovudsaki kritik – som ingenting veit aa byggja. Og førarane den tidi vilde ikkje gjeva Berlin større pris enn verdt var. Byen gjorde nok den gong som no krav paa aa vera aandeleg midtstad, men landet kjende at Berlin aatte ikkje jordbotn for tysk kultur. Naar

Berlin fraa gamalt vilde vera øvste domar yver tankedrag i tidi – yver diktning og kunst, so dulde ikkje landet den gongen, at Berlin aldri kunde forstaa den djupe, tyske hug. Og ofte ser me, at Tyskland og Berlin dømde paa kvar sin maate um baade menn og saker.

Berlin gav eit ille vitnemaal um seg sjølv, med di han støytt fraa seg Schiller, den tyskaste skald i Tyskland var. Endaa til ei perla som Lied von der Glocke – songen um klokka, vart lese med spott og laatt i den beste litterære krins i Berlin. Schiller var all dag framand, baade for høg og for djup for berlinar-skyn og berlinar-smak.

Denne byen fata heller ikkje menn, som t.d. Lessing eller Winckelmann, eller Karstens, eller Semper. Berlin korkje vilde eller kunde skyna desse arbeidsmenn og førarar i anndsliv og folkeliv. Likeeins med honom som størst er – Goethe. Berlin saag ikkje honom heller fyrr lenge etter han var dø, og kjem vel aldri til aa kasta retteleg elsk paa jonom. Goethe for sin part nærma seg aldri Berlin; han fann der ei ”Menschenschlag” nokolite for grovlagt, og meir prosaisk enn naturlegt og tysk var. Han sette ingi voner.

Men dette som her vert nemnt, og mykje meir dertil – dette kunde gjeva gode vink til tysken i dag.. Men tysken i dag vil ikkje sjaa den aandelege motsetning millom Berlin og det heimlege Tyskland. Nye tider, nye tilhøve. Tysken er glødd for stordrift, verdshandel, stormagtsdraumar. Og han skundar seg med aa byggja yver alle skiljande gil som finst i riket. Hans storfellte statsteknik magtar umfram godt sovore arbeid, og magtar ogso aa byggja vegjer millom Berlin og Tyskland. So Berlin vert gjort til aandeleg hovudstad likso medvite som han i 1871 vart gjort til politisk hovudstad.

Tyskland gaar til Berlin kulturelt og politisk. Veggen vart lagt for ei god tid sidan – ikkje berre til storbyen som ein utgangsport mot verdi, men òg mot ny tid, og ny innverknad.

Det vil og maa naturlegt skje ei umforming av tysk karakter litt etter handi, nye eigenskapar kjem til med tidi, gamle eigenskapar svelte ut med tidi, alt etter høve og tilstand. Dette syner seg i Tyskland.

Og spursmaalet ligg daa nær: Kva vil den voksterleidi som no er valt – kva vil veggen um Berlin føra det tyske folk fram til? Og kva ser ein allereide?

Prøyssen.

1.

Vegen um Berlin fører Tyskland aller fyrst til Prøyssen. Sidan lenger.

Det kann tykkjast so med same, at dette er gale sagt, men røyndomen slær til. Heile sambandsriket søkjer Berlin, blandar samstundes blod med det sterke, harde prøyssen so innerlegt som raad kann vera til det. Gaar so ut i storverdi.

Prøyssen er frunnstommen i det tyske rike. Det ber den tyske samlingstanken, og fører dei tyske kanonorne. Prøyssen lyfter ørnemerket yver Tyskland, og lærer aa vinna rom og fyrste rang med jarn og blod. Det ber inn i riket baade gamall romaraand og ny Bismarck-aand. Lærer det store fedralandet si eigi gamle livskunst. Lærer Tyuskland aa sjaa kaldt inn i den øksetid og fabrikk-alder Europa no staar i.

2.

Prøyssaren er nordtyskar. Det vil segja at han er stiv i karakteren, og traassig i viljen.

Tyskaren i sør t.d. Bayern, han er lett og glad, barnsleg, han er kunstnaren meir og stemningsmenneskje. Men so har det òg uminnelege tider gjenge handelsveg yver Alparne millom Tyskland og Middelhavet. Sørtysken kann dermed lett ha fenge ein svip av Italia.

Nordtyskland har ogso havt store handelsvegjer fraa gamalt – vestafraa havet og austyver til Russland, fraa Øystersjøen og innerter elvarne. Men landslaget og lyndet er her eit anna enn i sør, og folkeraset er ogso eit anna. Nordtysken er aalvorsam og praktisk. Han gruvlar ikkje ute i hytt og ver, og han let sjeldan kjensla raada med seg. Men likevel braakar han noko og talar høgt av vane. Han har stor ans for ytre daad, og det er det verkelege liv som fangar honom i lengdi. Han har serhug og gjevndad for politikk, og er vellaga til aa vera krigar.

Men kann dette høva paa nordtysken so yver ein lang, so enn meir paa prøyssaren, som i tvo hundrada ar har vorte uppseda av soldatkongar. Han er egte nordtyskar, men har forma seg meir og meir til aa vera borgaren i eit militær-rike, og soleis vorte hardare enn alle.

Takk vere den kommande-aand og sigertrong, som tykkjest vera ein udøyeleg arv i Prøyssen, alt fraa den fyrste kong Friedrich Wilhelm.

Prøyssaren no for tidi er slik, stutt sagt, at han kann rekna kaldt og rolegt ut, men etterpaa slaa til baade hardt og fort. Han kann lyda – han kann fylgja raadgjerder som han sjølv ikkje har vore med aa lagt, naar fyrst keisaren, officerstandet, junkarstandet (storgodseigarstandet) har gjeve deim. Prøyssaren kann staa i rekkja under fanen, og heilt vera beorgar i gamall meining av ordet: Ein viljug reidskap for riket. Han elskar og ærar riksmagterne og keisaren, og vaapenmagti er heilag for honom, og den tyske stordraumen tek han som openberring av Jehovas vilje.

Prøyssaren har sin stordom med aa byggja politisk og militært, i handel og verksliv – ikkje i det han har ytt til den indre kulturadling.

3.

I tidi har Prøyssen vakse fram av Brandenburg. Fordi at markgreivarne i Brandenburg, Hohenzollarne, var magtlystne og kloke, og hadde sergjevnaad til aa timbra upp eit rike fraa nytt av.

Ætti Hohenzolleren saag radt i gamall tid kor lagleg Brandenburg laag til aa verta samlingsstaden for nord-austlandet. Gjennomgangshandelen i heile Nord-Tyskland maatte paa ei vis møtast her – med all rikdom og alt liv. Og markgreivarne øygna attaat fri veg til havet, og saag opne stridsvidder for store herfylkingar, um dei i framtidi maatte vidka landsgrensa ut. Nedetter femtande aarhundradet fylgjer so Brandenburg sin framhug, ovrar seg meir og meir romfræk, og vert ikkje hefta eller stogga seinare. Hohenzollerætti er slik at ho gløymer aldri sine maal, men lèt magttanken gaa i arv fraa far til son. Markgreivarne vart kurfyrstar, sidan kongar. Brandenburg vert til kongeriket Prøyssen 1701. Og Prøyssen legg drjuge alner til si høgd som tidi gaar – helst daa søkjer det vest og aust.

Medan no kongeriket Prøyssen vert ei magt i det sundkløyvde Tyskland, staa Frankrik aarvak i vest og spæjar. Fyst gleder det seg i det stille. Eit sterkt Prøyssen er eit veikare Austrike, og det er batelegt for Frankrik som vil vera fyrstemannen i Europa. Men daa so Prøyssen ikkje stoggar med det aa vera sterk berre, men vert den sterkaste magt paa Tysklands jord, so vert òg Frankrik fienden. Elles – Hohenzollarkongarne er for kloke i politik, dei skrimslar paa timen det

sanne huglag vesti grannelandet. Alt sidan Friedrich Wilhelm tridje og fjorde har Prøyssen aldri gløymt aa njosna etter himmelbragdi yver Paris.

Men likso gløgt har Prøyssen havt tankarne i aust. Det kjenner fraa fyrste ferd – um ikkje jamt like mistruig – at paa den leid det æresøkn Austrike ligg og vaker yver stormagtdraumen sin, der løyner seg ein drake som mergstel Prøyssen. Og lenger aust: Rusland.

Soleis vart prøyssardømet skumpu ifraa fleire kantar. I lange tider. Men framsiget vert berre hardare av sovore, framviljen djipare. Magt-tanken vert stengt litegrand, og fær alt lyftande og takande som draumen eig. Hohenzollarætti trur fastare enn nokor sinn paa kongeveldet av Guds naade, og paa kallet til aa gjera stordaad i germanarverdi med prøyssarfolket. Di høgre Prøyssen kjem seg millom megtige grannar, di meir glødd vert konge og junkarstand for vaapni og heren. Og Hohenzollarne tek enn meir strengt og hugheilt den gamle skikken fraa Friedrich den store, dei uppsedar det prøyssiske folk under kommandoand og krigaraand. Lydnad vert det heilagste ideal i riket. Framtidsmaalet skal vera eins aa stunda imot for kvar den sjæl – og det kjem som eit paabod fraa høgste sess i landet: Prøyssaren skal verta ein herrenation av krigarar, som aldri tarv tena for andre, men har kraft til aa krevja og fella dom i verdi – gjennom kongen sin, den allmechtige.

4.

Ein ser so lett, at i revolutionsaaret 1848 kom folkeviljen med eit lite nei. Det var nei til dei grunntankar som kongehuset so handfast hadde styrt Prøyssen etter i mannsaldrar.

Det var paa det store folkemøte i Thiergarten i Berlin. Folkekravet lydde paa, at den faste her i riket maatte verta storlegt minka ned. Her rørde dei no ved det saare! Forsamlingi bad ogso um, at kongen maatte lata folket faa del i riksstjornet. Dette var tidsaand og fridomshug! – det verste einvaldskongen kann sjaa i ørskedraumar. Men desse røysterne mot kongeleg prøyssisk tenkjemaate og militærpolitik var ikkje avlige nok. Dei var heller ikkje døypte og vigde av fridomsaandi fraa Frankrik-England stort og brennande nok. So sigra dei nedervde Hohenzollar-tankarne i Prøyssen. Endaa um kongen snart laut kalla seg konstitutionel konge, var ikkje

samanhengen broten. Tvert um. Kongeveldet var berre litt terga, og vart strengare enn fyrr i si hermannsuppseding av det prøyssiske folket. Med Wilhelm I (1861) kom det dubbelt liv i alle gamle erveminne, som ætti Hohenzolleren har aa bera.

Fyrst kom det raad um ny og storfelt herskipnad for Prøyssen. Militærsystemet fullt ut-tenkt. Kong Wilhelm sjølv og general Moltke var sjæl og hjarta i det dei sette fram for folket.

Atter kom eit nei mot gamalt Hohenzollarsyn. Det var paa mykje nær ikkje so faarlegt som neiet i 1848, no kom det fraa nokre flokkar i landdagen, (som stortinget i Prøyssen heiter). Dei vilde ikkje hjelpa til med aa faa kongens militærskipnad sett i magt; det var nærmast eit pengespursmaal. Kongen skulde no bøygd seg for folkeviljen, men vilde ikkje. Det har aldri vore skikk i ætti Hohenzollern aa slaa av paa sin eldste draum. Wilhelm I leitar etter ein mann – som kann vera den rette mannen til ministerpræsident, no daa han vil trassa landdagen. Og han er meir enn heppen; han finn fyrst Bismarck, honom som seinare kom til aa fløkja sitt namn inn paa kvart det blad i ny tysk saga. Bismarck aatte den veldigste hand til aa yrkja liv i Prøyssens magtdraum. Han tok upp dei ideal som var gamle i ætti Hohenzolleren, og han mura genialt under den magtstelling huset Hohenzolleren har i dag.

5.

Det maatte ein no vita radt, at fyrst Bismarck hadde ikkje vorte kalla fram paa tilet i ei soveri tid, dersom han ikkje hadde vore ein kongetru mann og god junkar. Men dette var aalkjent for alle som fylgde med. Han stod alt i 1847 og forsvara i landdagen det eineveldige kongedøme. Samstundes nemnde han til eigi ros, at han hørde til det prøyssiske junkarparti.

Daa han kom inn i flokarne millom landdagen og kongen, dulde han ikkje det, at han aldri det minste kjærde seg um folkevilje og frilynde for dagen. Han set stutt sagt krav til folket. Han krøv at prøyssaren skal ha lært aa lyda. Han krøv daad, og vilje, og offer, og Prøyssen megtigt! Midlarne til magti skal vaapni vera. Han er grunnegte prøyssar i so maate, at han vil ikkje ha draum, eller hanskar paa hand, han vil ha det realistiske, grove grip. Han sa i landdagen, at store spursmaal for Prøyssen maatte verta løyste med jarn og blod. Det kom

so fraa hans innarste sjæl og yvertyding, at det slo ned. Landet vart gripe av Bismarcks aand og vilje.

Det største spursmaal for Prøyssen var magtspursmaalet med Austrik. No som fyrr. Denne floken fekk løysing med jarn og blod 1866; i krigen med Austrik stod prøyssisk vaapnpolitik prøva med glans.

Atter ofra Prøyssen jarn og blod. Paa Frankrik 1870-71. Og som Bismarck hadde skyna lenge fyrr – no vann Prøyssen magtstoda heilt. So heilt, at dei skilde tyske rike lutte seg i hop til eit samla stor-rike, der Prøyssen skulde vera berebjelken.

Hohenzollardraumen i mange, lange hundradaar hadde havt heppa med seg. No steig Wilhelm I fraa konge av Prøyssen til keisar i det samla tyske rike.

6.

Det er merkelegt med Prøyssen, det har aldri – djupt set – vingla i sin gang, fraa det tok ut av Brandenburg og til no det naadde fram til det tyske keisar-rike. Det har jamt vilja fram til nok omeir og større; det har stødt visst kor det hadde sine maal; heile tidi har Prøyssen havt fyrstar som kunde føra, og eit folk som kunde lyda.

Andre luter av Tyskaland har havt det annarleis. Bolkevis drøymde dei seg burt, eller dei fylgde det vitskaplege drag i seg, og leita og grov for djupt – eller dikta, skapte kunst og livsgleda, eller ól mystikk fram i sjæl og sinn, og dermed seinka seg i det ytre kappsteg.

Aldri Prøyssen! Prøyssen stod verdsleg, magtglad, kald alle dagar. Det flutte landegrensor og øvde politik, skula seg upp til aa verta leidar i eit megtigt Tyskland.

Det tyske rike.

1.

1871 hadde Prøyssen stor dag.

Fyrst hadde vaapni vunne versensry i sigeren yver Frankrik. Militærpolitiken stod i beste solskin. Og yver alt anna so vart Wilhelm I paa ærefull maate valt til keisar i eit samla Tyskland.

Ikkje var det vel kjærleiken til Prøyssen som dreiv fyrstarne til samling. Heller ikkje var det fridomshugen fraa revolutionen triogtjuge aar derfyre – han var utpint. Ikkje var det nationalmedvitet – endaa me veit fraa Napoleonkrigarne at det var til – som fyrst og framst bøygde dei nakkestive fyrstarne til einskap. Fyrst og framst var nok eit samlag klok politik mot Frankrik og andre strøk av utanverdi. Difyre gløymde fyrstarne gamalt ovund seg imillom, la tilsides motviljen og otten for Prøyssen, og søkte kvarandre med den voni, at alle skulde verta trygge og sterke. At Prøyssen kom i brodden laut so vera, det var størst i vidd og rikast paa folk. Og sørtysken maatte vita med seg, at han ingenveg kunde koma t.d. mot eit Frankrik, utan Prøyssen med sin herskipnad stod attmed.

So maatte ordgangen lyda slik, at det tyske rike er eit lovbunde sambandsrike. Alt som vedkjem dei sambundne innbyrdes maa fram i eit sambandsraad av 58 mann. Det og det rike kann senda so og so mange til raadet, Prøyssen daa flest, i alt 17. Sjølve rikspolitikken og tyngdi av lovgjevingsarbeidet har stad i Riksdagen, ei storforsamling paa 397 mann, vald med aalmenn røysterett. All lovgjevande magt ligg hjaa riksdagen og sambandsraadet.

I toppen av riksskipnaden staar keisaren. Han er stormegtig. Baade semjor og avtalor kann han binda for sitt rike, krig kann han opna – han er øvste krigsherren, og han kann personleg verka inn lettare enn nokon annan. Keisarverdet og krunga er lagt arveleg til det prøyssiske kongehus Hohenzolleren, so at kongen i Prøyssen er keisar i det tyske riket.

Slik vart skipnaden i sine største drag 71. Og det er nok til aa segja, at Prøyssen paa alle vis maatte verta samlande midstad. Keisaren og hovet, riksdagen og sambandsraadet – alt lagt til Berlin. Hertil kjem, at fyrste rikskanslaren som det samla riket har, er prøyssar i kropp og sjæl: Bismarck.

Me skynar skillegt kvi den lærde franskmannen Renan skreiv som han gjorde i eit brev 71. Det er hans tru, at Prøyssen vil nok ha ans for det heile Tyskland – set politisk; men i hug og haatt vil Tyskland koma til aa verta eit Prøyssen, spaar han.

2.

Det er i Tyskland beintfram fleire folk. Rett nok mykje nærskyld, men likevel skilde – kvart med sin serhaatt, sit nationale liv fraa gamalt. Det er svabarne i sør, frankarne i Rhinlandi, lenger nordtetr saksar, prøyssar o.fl.

So med eitt kast skal desse ymse folk vera den tyske nation. Dei skal liva seg inn i det tjodlege tilværet som riket etter 71 kann bjoda deim. Eit større ferdaland enn dei fyrr kjende har braatt kome til. Og dei har pligt til aa røta seg, arbeida, ofra som sane borgarar i det store fedraland.

Her kjende mange ein indre vanske. Det vart tvil um dette riket nokorgong kunde veksa organisk heilt.

Men no etterpaa ser ein merkelegt mykje, som samstundes høvde til aa beinka i hop skilde hugar. Fyrst vart det sagte byrgt aa høyra til eit rike som var stormagt i Europa. Og det var glans med aa vera Prøyssen skyld etter slaget ved Sedan. Dinæst hadde det tyske rike nye og store oppgaavor aa løysa i heimspolitiken. Og no skulde Tyskland tevla med gamle England og med Amerika i verksdrift og handel. Dette gav kjensla av nytt verd. Dette gav mod til aa samla seg um det store og gløyma det smaa. Dette gav von og vilje til aa byggja riket etter det system Bismarck hadde valt.

Hertil kom andre ting som knytte band. Stridsferdi mot Frankrik hadde gjeve ungdomen i nord og sør ein stolt sogebolk i sameiga. Dinæst kunde riket i sør og nord ottast same fiende og same faare, og laut samla seg um prøyssartanken: Ein auka og velbudd her til vern um framtidi. Moltke raadde til aa rusta ustanselegt i 50 aar frametter. Men meir enn alt mana og batt Bismarck, som aldri let einingstanken kolna, men livde berre for keisar-riket.

Og under alt anna maatte so landet arbeida seg uppatt etter krigen, og grøda sine saar. Dei skiljande umsyn, som elles kunde splitra, fekk ikkje næring. Tyskland tok Prøyssen til stav og stytta og læremeister. Utan nokon større murr.

3.

Den franske hoffmann, diktaren Mérimée, hadde fenge Bismarck i tale for fyrste gongen. Og han var heilt forbina og tvitenkt etterpaa, for aldri hadde han høyrte i Frankrik tale um tyskarar av eit sovore slag. So skriv han ned i dagboki det han tykte var mest merkelegt og uventa. Han er slett ikkje sentimental! – skriv han um Bismarck.

Europa har noko paa same vis lote læra ein ny lærdom um Tyskland, som ikkje samstava med gamle truer. Etter røyndomen i siste 50 aar er tysken korkje kløkk eller hugveik. Han har just kasta seg inn i notidslivet med slikt vaagemot, slik vinnelyst og hermannshaatt, et det er til undring.

Gaumar ein etter, so har tysken drive seg lenger enn ein fyrsto skulde tru. Fordoms idealisma har han lagt ned til det matnyttige i handel og verksliv. Der han grip kappestriden heilt ut, der samlar han seg med kjempevilje berre um dei verkelege verde – likso fust som amerikanaren gjer det. Han reknar einast med røyndeting, søkjer i alle høve fyrst sakkunnskapen. Han staar soleis paa kvar kant merkeleg fyrebudd og sigersæl.

Og grannarne i vest eggjar honom til aa taka i. Allstødt. Der gaar det snartenkte og gaaverike franske folk, og arbeider og sparer, snart dreg det rentepengar or alle verdsens rikskassar. Uti havet England med storverksdrift og verdshandel, og sigler kongeferd paa alle hamner. Og lengst vesti, der ligg Amerika med sitt lokkande arbeidseventyr. So tysken maa høyra, og maa sjaa. Og han vert ærelysten og viljehard attmed desse store herrefolki; han vekkjer magtinstinkt i seg, og trengjer seg tevlande fram.

Det er dette Tyskland har gjort aari etter 71: Det vekkjer magthugen i seg, og legg grunnlag for komande kapping ute i heimslivet. Førarane knyter tjod-kjensla fast til denne tevlingstrong – til denne traas etter eit Stor-Tyskland, og fær dermed ei framdrift meir. Soleis klaart og medvite gaar det tyske rike til yrkjes fraa fyrst av.

Umbøter av alle slag maa til. Fyrst og framst grunnmuren. Det er post og telegraff; det er eins myntfot for heile riket – fyrr var det 7 ymse myntfot i Tyskland; fleire jarnvegjer, og sams jarnvegtakst for alle sambandsrike; so maa det ein samla rettsskipnad til, og eit samla herstell i prøyssarmynster, moderne bankskipnad, og andre tollgrensor enn fyrr har vore.

Men dette er berre upptaket. Skal Tyskland kunna tevla med i nytids verksdrift, storhandel og samfundshushald, og hava gagn av det som alt er ferdig fraa hand, so maa landslyden faa den tekniske tame og kunnskap som vaar fabrikalder krøv. Dette har tysken skyna betre enn noko anna europafolk. Han har gjeve seg eit skulestell som femner vidt og botnar djupt. Det stig fraa gode folkeskular til høgskular i alle tenkjelege faggreiner – øvst staar 21 vyrde universitet. Men utanum skuleupplæring har tysken lagt vegt paa det aa faa lesnad til folket. So no er det bok-utlaan i byarne og bygderne. Mange stader jamvel fagboksamlingar. Og landet eig ikkje mindre enn 15 store universitetsboksamlingar, heller ikkje faa hoffboksamlingar, dei kallar. – Alt er velskipa og regelsett baade skularne og uppsedingsarbeidet elles. Aand som kann styra, og aand som kann lyda finn ein her som i alt anna prøyssisk-tysk. Og langt syn framyver vantar det ingen stad; fyremaalet er ogso høgt og synlegt for alle: Det tyske rike fremst av alt!

Fast og dugande og praktisk, ikkje rett lite framfus, ikkje rett lite hardsett og djerv – slik har tysken vorte av denne uppsedingi. Og umfram sjøvhjelpt. Han støyper sjølv sine kanoner baade til landher og krigsflote; lokomotiv og vogner lagar han paa egne verkstader; skipsfloten veks etter som eigen handel og verksdrift aukar; kanalar og hamner har kome fyrst kravet retteleg var der, og har vorte til med egne pengar.

Slik har det gjenge sidan 71.

Dugande og praktisk staar Tyskland jamsides England. I arbeid, handel, skipsferd. Og som det staar skrive utanpaa huset aat den store Hamburg-Amerika Lina: Unser Feld ist die Welt! – soleis kjenner tysken det meir og meir, kann ein merka. Som folket aukar, so aukar arbeidet og pengarne. Og det grip heile Tyskland som ein utlengt paa lag – som folket nører med magtvilje og pangermanisme. Det er mykje i slegt med den gamle prøyssiske svolt etter større jordvidd. Dinæst er det fødd av dagsens trykk: Landet er ikkje lenger stort nok for alle 68 millionar menneskje og deira arbeid. Og aller sist: Tysken er ikkje lenger sentimental, men prøyssisk og framdjerv.

4.

Aldri hadde militæryrkjet fordom slikt hilder med seg, som i Tyskland no under keisar Wilhelm II. Heller aldri kunde magtvilje og stordraum faa slik yverjordisk glans i jarnriket Prøyssen, som i det samla rike med den germanske rasetanken yver seg. Heller aldri har uppsedingi vore meir klaar og medvite enn i Tyskland no. Ein vyrd tysk general sa 1913, at det høgste maal maatte vera det aa skapa innerleg samhug millom krigsheren og folket. Og det er sant, dette er ogso sett som høgste og fyrste maal i folkeupplæringi.

Alt paa skulebenken fær barnet godt innprenta kva dei tyske vaapn er verde. Det meste av sogelestren sviv um tyske sigrar til ymse tider, allerhelst sigeren yver Frankrik 71. Borni lærer tidlegt aa faa kjært minnet um Sedan. Dinæst puggar dei godt inn, at slik som landet ligg til maa det verja seg til alle sidor, og hava ein mynsterher av eldfulle soldatar, som kann staa ferdig naar det skal vera.

Naar daa barnet veks til og kjem med ute, so røyner det straks, at alt som har med heren aa gjera – officerar og uniformer, det er finare og meir vyrdt enn noko anna. Snart fær det ogso kjenna, at officerstandet er ein kaste med serrettar og serrang. Ein yverkaste som staar i eit merkelegt serhøve til fedrelandet og keisaren.

Vaksen ungdom kjem friare med i livet, og no staar alle – alle fedrelandssinna lag og femner etter honom med lange armar. Anten dei no heiter ungtyskland, eller tyske samlaget, eller alltyske foreiningar, - so liver dei paa det same, og har det same aa bjoda i hovudsum. Det er at tysken maa vera ei militærmagt, det er voner og ord um eit Stor-Tyskland, det er at germanar-rasen skal sitja paa verdsens domstol, og framleides slik. Og soleis godt budd med kjennskap og kjenslor av dette slaget, gaar dei beste unge menn inn i hertenesta. Her skal dei faa den fulle maksling til borgar i det tyske militærrike. Her skal det innerlege band millom folk og her verta tvinna for aalvor. I ei rundeleg tid paa tri aar.

Det fyrste dei unge ”mannskap” møter er tvangen; og ein ny moral og tett i tett av grovlagt meiningsløysa. Atter og atter vert dei krenkte i det finaste, kløkkaste, i det mest menneskjelege. Atter og atter maa dei svelja dette som ès og vil verna seg i deim. Dei bøygjer seg berre i redsla for straff. Og dei kjenner at dette er aa vera hund, men bittert – sup for sup maa dei drikka den lærdomen inn, at ikkje har dei vilje,

heller ikkje ansvar – utanum det aa lyda komando. So skynar dei etter kvart, at no er dei soldatar, komandoordet og tenesteregjarne er lov – dei er utanfor godt og vondt. Paa resten kjem vanen sigande yver deim, eller dei misser modet og trøytar, og daa er dei tame. Officer-synet smittar smaatt i senn. Militærdræumen fengjer litt um litt. Gamle, kjende tyske grunntankar fraa fyrr kjem att i ny, fast form, realistisk paakledde. Og no er han soldat av rette slaget. Han lyder komando, og han stundar etter krig, og høgaktar krigen.

Naar so dei tri tenestevari er slutt, og mannen staar i sitt vanlege arbeid som fyrr – daa er han ein annan enn han var. Han er regeldriven, handfast, han er soldat ogso i arbeidslivet. Det vil segja, at han er rundhogd borgar av militær-riket. Og det innerlege band millom honom og heren – um eg skal segja som generalen sa – det er longe spunne. Det er spunne so godt, at den vanlege mann kjem aldri lenger burt, enn han tykkjer trummeskraal og vaapnklirr er den likaste musikk han veit til dagsens kvar dagsstrev.

5.

Det er ikkje einast det arbeidande folk i Tyskland, som har lote lært aa bera age for krigaryrkjet – eller fenge ovtrui paa uniformer og vaapn baade i arv og uppseding. Men visst meir militærstandet sjølv har lært aa tilbed sitt eige verd, sin eigen rang. Dei tusen tyske officerar stikk daa heller aldri lampa under bordet, men lyser i sal og paa gate. Dei bryd seg ikkje med aa løyna for nokon, at halvt um halvt er dei keisaren skyld. Officeren tarv ikkje setja krav fram med blygsla, di at alle finn han er vigtug herre i riket.

Dei tyske militære har ogso mange synlege grunnar til aa vera byrge. Og dei veit sjølve um det. Dei veit at dei er verdsens beste soldatar til lands, og at dei gaar gamle England ein bra kappgang med krigsfloten sin. Dei godnar seg av di dei har fleire Zeppelinarar enn noko anna værpna folk. Dei tenkjer òg alltid paa det, at skal Tyskland kunna vera stormagt i arbeid og handel liksom England, som Amerika, so er det naudsynt aa ha vakt um kanonorne. Skal det store fedralandet faa vera med aa skifta jordi, faa bruklege utbygder til sine folk, faa marknad til sine varor, so maa militærhand og militæraand gaa i fyrevegen. For vaapni er som Salomons lykjel, dei opnar kvar stengd dør i folkeheimen. Og dei er som trollblaaster, dei rekkjer alle

diplomatiske knutar, og skræmer baade sjølvkjærleik og frimannskjensla hjaa grannarne. Vaapni er det einaste rett megtige i eit folk, segjer officertrui, og vaapni kann dei handsama, so dei har grunn til aa vera kaute.

Det same tenkjer sume andre, ja heile stand i tysk folk. Han tenkjer likeins den store fabrikeigaren, som treng militærvakti um sine varer og si vinning. Og junkarstandet trur militært, for junkaren vil vera i keisarriket som ei riddarfylking i gamall stil. Og keisaren trur paa krigaryrkjet, og held det hjarta nær. Han har bruk for det. Og folket baade trur og ikkje trur, men betalar, so standet kann auka seg baade i tal og i glans. Dei tyske militære kann vera byрге av all denne samhug.

No har det òg kome dit, at tidsens syn og vanlege tankegang er i ætt med vaapenaandi som aldri fyrr. Draget mot materialisma ber krigarhaatten yver alle bakkar, inn i alle sinn. Vitskapen klaarlegg med prov etter prov, at krig er heilag naturlov, siger i kampen er sann magt, og magt er rett. Livet er døss-kvad yver dei veike, men sigersong for dei sterke, kald, mekanisk lov for alle. – At aand kann tøyma kjøt, at vit kann gjera drift og kraft til signing istadenfor draap, det finn denne art vitskap urøynt endaa. For materia har nok denne vitskap funne, aandstøet aldri; tanken har han funne, vitet aldri; den ferdige vara og avling har han fenge tak i, men livsens innarste raad, og kall, og vokstervilje aldri. So trur han, at ikkje anna enn det han har klaarlagt er til, for han skynar kva det er aa vita, men ikkje kva det er aa tru. Denne vitskap verkar inn, og so vert høgsetstevet i vaar samfundshall: Vil du liva, maa du slaast. Og i Tyskland gjeld det meir enn hjaa andre.

Slik stød og stytta har militærviljen i det tyske keisar-riket. Slikt breidt grunnlag har krigssynet. No kann officerkasten klæda folket i den prøyssiske jarnskjorta mest so hardt han lyster. Bakanum staar alle profetar av den ævige krig – og forsvarar og lovsyng.

Ja, dei siste aari har det kome um lag 30 større og mindre bokverk i Tyskland, som alle har havt beinveges erend til krigsaand og magt-politikk. Og det staar trygge namn bak t.d. Hasse, Rohrback, Wagner, Bernhardi. Mange av desse skrifterne har vorte selde i opplag etter opplag, retteleg brøytt ned til folket. Bøkerne er – sume heilt profetiske og vekkjande: Tyskland maa taka sin fulle rett i verdi; den tyske politikk maa skapa eit sæsardøme Stor-Tyskland; framtidsveg

og vandringsmark gaar austetter yver Tyrkiet o.s.fr. Andre forfattarar er vitskaplege. Dei syner kor naturlegt og naudsynt det er, at tysken rett no tek livsstriden (magtgripet) upp for aalvor – ikkje einast i arbeidstevling og handel, men med jarn og blod i sjølve ota um verdsherredømet. Nokre tek det religiøst mest aa kalla. Krigen er gudsdøm millom folki eller rasarne, tel dei fyre. Og germanarrasen er kalla til det aller største førarskap i menneskjeverdi. No maa han endeleg vita, og forstaa, og vilja! – Reknar ein umfram desse bokmenn og vitskapsmenn alle bladskriv og fyredrag i same leidi no dei siste aar, daa fer ein til aa skrimsla kor militærdrive Tyskland i grunnen er, kor ofse mykje arbeid og uppeggjing det ligg under kapprustingi.

Og ein ser noko anna. Ein ser kor merkelegt det tyske folk i alle lag nører ei ny, sterk lagnadstru, og ein halvt religiøs magtdraum. Ein tarv ikkje tegja med, at nettupp denne lagnadstrui og magtdraumen har lyst i ætti Hohenzolleren gjennom alle hundradaar – som ein demant paa ei jarnbrynja. Det er Hohenzoller-hugen som mengjer seg med folkehugen, ser det ut, men har no som fordom bruk for sverdet.

Den prøyssiske militæraand kann soleis vera nøgd, han sigrar, han magnast. Den tid fru dé Staél rømde Frankrik for Napoleon skuld, og gjesta prøyssarkongen i Berlin, saa merka ho straks, fortel ho, at militærstyret der hadde lagt farg og klemm paa den aalmenne meining. Kom ho no att til Tyskland, vilde ho visseleg segja beint ut, at militarisma har lekkjebunde folkemeiningi.

Officerkasten bør vera nøgd, friare har han aldri stade framfor folket, meir hardhendt ut av sittt sanne lynde har han knapt aldri vaagt aa vera. Det kjem soga etter soga med vitnemaal ifraa ekserplassarne, ja ute paa opne gata hender ting som talar klarlegt kva tysk militarisme er. Til dømes det ein berre kann nemna fraa krigsretten i Straszburg desember 1913. – Ein løytnant, fødd friherre, staar klag. Han marsera fyre ei deild soldatar ein dag, og der staar det eit halt menneskje attmed – utan nokolag vaapn eller verja i hand, men mannen hyttar og mumlar nokre harme ord til løytnanten. Løytnanten krenkt! Og dreg sabelen, hogg hovudet av halte stakkaren so blodet gøyser burtetter gatesteinen. Dette skarvestykket av ein raatamp, kann obersten for regimentet formilda og glatte yver i krigsretten. Fritt og frelst og som heidersmann! Det hadde hendt, fortalde han, at officerar av hans regiment vart kleng-orda paa gata – verst daa løytnanten, som

her fyrr er nemnt. Obersten hadde funne grunn til aa bed officerane gaa fram so kvast (schneidig) som mogeleg mot slik-slag skjemt. ”Eg har ogso tilraadt løytnant T-, at han jamt ber revolver”, sa obersten, og skulde nokon atter trød løytnanten for nær, so raadde han til – ”i so fall gjera bruk av revolver eller sabel”. Og – fortalde obersten meir: ”Underofficerar og mannskap har eg paalagt, at dei skal bruka vaapn illhardt mot folk som gjer aagrip” gjer aagrip med skjemt og sovori ageløysa mot uniformi!

No bør ikkje dette hende her leggja oss raud klut for augo, so me dømer tysk militarisme ut i hytt og ver. Me kan lata hendet tala rolegt for seg – det som det har aa segja; me kan sjaa kva det opendagar. Tankelaget i tysk officerstand stikk her eit stygt hovud fram. Ein kann ikkje neitta, slik er standskjensla i det læger; so heilag er uniformi for dei som ber henne; so lite vyrnad for eit mannaliv – og det i fredstid millom sine eigne, èl militarisma fram innarst inne.

6.

Det tyske folk er ikkje einast militærlydig, eller arbeidskjært og systemkjært, eller ærekjært. Det har mange andre drag, som den framande har likso lett til aa sjaa. Til dømes det at det er so embættsvenlegt, so adels-kjært og fyrste-kjært. Det ligg liksom i folkekjensla. Den høgre mynja som har gjenge i arv i nokre aldrar, ho plent ber med seg litt av det dulde magtupphavet, ho eig noko som ligg yver menneskjet. Tyskaren kjenner dette sterkt; i mange maatar er han noko attetter, og den frie hugen vest og nørdest i Europa gaar ikkje lett i blodet paa honom. Han ærar styringsmagt og nedervt mynde baade av dragnad og uppseding.

Det dyraste av alle tyske skattar er dei tyske fyrstarne, sa ein namngjeten bokmann og folkelærar i otti-aari. Men det høgste av alt høgt var keisaren i sambandsriket. Og visst og sant er det, at kongedyrknad har vore til i Tyskland fraa gamalt. Friderich den store t.d. vart so plaga av sine prøyssarar med smeiking og trælehug, han tolde det ikkje. Han fekk slik vanvyrnad for menneskje, at han stengde seg inne i einsemdi paa slutten. Eg er trøytt av aa styra yver slavar, sa han daa han dø. – Jamvel den store Goethe løyste seg ikkje fraa dette sam-tyske drag, men søkte meir fyrstegunst enn han burde ha gjort. Og tyskhataren Nietzsche – det var vel just denne tyske traanad mot

samfundshøgdi som kom fram i honom, meddi han aldri gløymde aa vera byrg av, at far hans hadde vore lærar for fire prinsessor fyrr han vart prest. Etter at han sjølv vart kalla Friedrich Wilhelm etter F. W. IV. Eller at han la so fram si skylda med adelen – og si tilbeding av magtmenneskjet. Det er den vanlege drifti uppetter, som er so skilleg i tysk hug og tysk saga. For det er framdrift i den tyske nation, ei stormannstraa og ein age for magti, som gjer det lett aa gjeva seg under vald – og samstundes stila mot høgt maal.

Dette same tyske uppsig øygjer ein enn klarare hjaa ætti Hohenzollern. Keisarhuset er no so sertysk. Slegti er fyrst ei vanleg adelsætt, men stig til greiverang, og arbeider seg sidan fram til kurfyrstenamn. Kurhatten ber ho lenge og med æra. Men fær lengting etter kongekruna, vinn henne med, og lyfter kongedømet til magt og velde for augo aat Europa. No vil hugen lenger fram, Tyskland var eingong det store keisardøme, og Hohenzollarne drøymmer um aa byggja uppatt keisarstolen. Dette hender ogso. Keisar-riket staar uppatt 1871, og Hohenzollaren som sit paa truna vert fylgt og elska av heile tjodet. Men det ser ut til at ætti traar lenger. Framdrifti hjaa Wilhelm II er med det sterkaste som ho har synt seg i slegti nokon gong. Og han har lettare for aa gripa, med di han spenner germanske rasetankar yver folkehimmelen, og samlar um veldige høgmaal. Skulde no ætti Hohenzollern atter kunna ta eit stig fram, so vart det fraa keisar til sæsar. Men det vilde vera uheppe, for sæsaraanden høyrer attende i ei tid me no skulde vera kome framum.

Nok er det, at det tyske folk finn mykje av seg sjølv hjaa keisarætti, som det kann æra. Baade Sør- og Nordtyskland. Hohenzollarætti er ei blanding av sørtyisk og nordtyisk blod og karakter. Det hugvarme og høgtenkte kunde ein soleis rekna attende til Svaben, og det meir kloke, kalde, klaare til prøyssarhaatt. Men um dette aldri hadde vore med eingong – dyrking av fyrsten og mynja ligg tysken i blodet. Han vil gjerne lata seg føra.

7.

Ein tarv ikkje tru at alt i tjodet skal gaa ei og same lina, um no sjølve djupdraget gaar i ei leid. Ein maa ikkje heilt gløyma i yversynet, at det er tusen smærre ting og delar som ligg innunder – løynt. Eit notids samhelde kann aldri verta einspelt, so mange saker, arbeidsvegjer og standsmuner som det no er. Folkesjøen kjem aldri til aa liggja spegelblank, for det kastar vind fraa so mange kantar. Og t.d. i Tyskland ser ein straum og evja, motdrag og motsetningar skilleg klaart. I det religiøse er her so visst ein Gud til sjælevord baade etter luttersk og katolsk synsmaate, som det er ein aalmenn krigsgud for riket og heren. Det er med tysken som det var med Bismarck daa han for til Sedan. Bibelen hadde han med for si indre trong, men kanonorne for sin vilje til aa drepa franskmenn. Og i det politiske same eins. Er her eit ja til keisar – junkar – krigar, so er det med ein nei-vilje hjaa alle tusental arbeidarar og smaaheimar i landet. Er det ein draum um stormagtsvelde i dette folket, er det òg krav um betre kaar og voksterrett for den einskilde. Tvangsla ovan ifraa kann du merka, men ogso drifti nedanfraa og uppetter.

Serleg dette livekravet nede i djupaalen av folket bør ein ta litt i umtanke, den som framand er, og gjerne vil ha ein sann tokke av samheldsvokstren. Og just den sociale rørsla i Tyskland segjer oss best indre tilstand etter 71; dinæst er ho neiet fraa Thiergarten 1848, som enno liver, og er tusen gonger sterkare no enn daa. Her finn du soleis samanhengen paa folkesida. Endaa du ser nok at tidi har verka inn – Tyskland er nytt, og folkekravet fraa revolutionstidi har ny svip, av di det har heilt nye vilkaar aa liva under, og nye talsmenn.

Aar 48 var det berre tri stand i tysk samhelde, adel, borgar, bonde. Men alt i sekstiaari løyser det seg ut eit fjerde stand av fabrikarbeidarar. Dei ser imot vest, og laaner og lærer av Frankrik – England fyrsto. I all vissa England, for der kom den store verksdrifti fyrr enn annan stad, so der var fjordestandet alt gamalt aa kalla. Men so sigrar Tyskland i krigen med Frankrik 71, og gaar straks inn i ei tid med storverksdrift, industriadel og pengemagt, - som fyrr har vorte fortalt, - og no kjem det rettelege fjordestandet i Tyskland, og dermed striden millom tenar og herre, arbeidar og styrar. Det er denne tid socialdemokratiet fullskipar seg. Og dei kjem med krav og med krig – krig er grunnsetningen. Høgre-standi møter med uvilje og atterhald.

Jamvel Bismarck skyna ikkje (han var junkar) – kva denne rørsla botna paa og nørde seg av i tysk hug og tyske tilstand. Han kjærde seg berre um at hans rikstanke ikkje maatte verta splitra, og han trudde paa harde midlar, so emna han smaatt paa aa setja socialistarne utanfor riksskipnaden. Tyranraader! Forfælande hat og øsing var ogso frugti det bar. Og andre hovud maatte straks skyna, at styremagterne laut møta socialistarne paa anna vis. Fraa 1881 tek det til aa koma rettarbot, og Tyskland fær ei arbeidarlovgjeving, som plent er storfelt. Dette stengjer agitationen paa sume kantar. Men av di arbeidarpartiet ikkje einast steller seg i motvegt mot pengeherjing, men òg keisar og junkar og militærkasten – heile tyngdi ovanfraa, so vart det nok aa lyfta paa likevel. Og nok av framgang, med di kapprustingi la verre og verre byrdor, og toll-loverne vart sett til bate for landadelen, so heile 94 % av landslyden maatte betale maten urimeleg dyrare enn elles kunde vera. Og naar hertil kom, at partiet hadde ein so gaaverik førar som August Bebel, so er det mest trulegt, at det arbeider seg godt fram i riksdagen. Og naar slikt noko horvar inn, som det at keisar Wilhelm talar til arbeidararne i Breslan 1902, og refsar førararne og samskipnaden, men klappar arbeidararne sjølve – daa verkar det sers fremjande ved riksdagsvalet aaret etter. Socialistarne stig med 1 mill. røyster fraa valet derfyre – naar 3 mill. røyster 1903. Men 1912 hadde dei vunne upp til 4 ½ mill. røyster og 110 sessar i riksdagen.

Men no socialistarne har vunne magt, no har dei alt lempa litt paa armslengen. Det har kome ny leid i tysk socialisma, ein ny flokk, som har bleikt ikkje lite paa dei raude fargarne. Gamleføraren Bebel, han var streng og fast læresvein av Marx so lenge han livde. Og han vilde eit anna samfund – umsnudd fraa det som er i dag – eit betre. Men denne nye leidi i tysk socialisma, ho bur seg til aa møta magti, og taka magti i fang, og lærer seg til aa taka dei umsyn som magti tek. Dei har ikkje den nyskapande varme, heller ikkje grunngravande og grunnleggjande tankar desse nye; men dei er livande vitnemaal um oppdrifti i det tyske folk. Dei lyder oppdrifti fraa magtløysa til magt, fraa samfundslægdi til samfundshøgdi. Dei syner at den tyske socialisma heller ikkje er noko anna.

Du kann merka deg med tysk socialisma, at ho hatar berre hamen og det ytre utslag av pengevelde og militarisma, men aldri sjæli innanfyre, som er materialisma og magtmoral. Nei det som er drivande sjæl i pengemagt og militær-draum, det har tysk socialisma

òg teke som bankande hjarta i eige liv. Og har dermed hespa seg inn i skrikande motsegn. Ho staar og forkynner vilje til verdsensfred og rettferd og brorskap, men har godkjent mordloverne og vaapnaandi i liv og læra. Ho gjev seg ut for ny livssevja, men er daa alt for mykje berre den gamle, sure saft i samfundskroppen. No tek ho magti snart, og brukar henne trulegt slik at magtaanden sjøv fær ha eit ord med i laget. For tysk socialisma har i sjæli aldri vore sant tærande og reinsande revolutionær.

Framtidsparadiset som gode sjæler trur paa, det kjem vel ikkje um tysk socialisma vinn yvermagti. Det gamle krigarsamfund som no er – berre i ei onnor form, kann vera aa vona. Noko fleire umbøter, som lettar ytre tyngsla, brigfe i toll-lover og løningslover, kannhende billigare mat – og dette er store ting! – men ikkje folkefrelsa, ikkje drykk for verdi som tyrstar etter rettferd.

Ein maa sjaa på social-rørsla i Tyskland som oppdrift, uppsig i folket. Byrdorne er store, tyngdi ovanfraa dei høge folkelag er hard – men motdrifti, uppskuvet fraa folkedjupet er ogso sterkt. Det er motsetningar, kraftgir i dette folket, og ubrukte krefter. Det er det ein ser med forvitna.

8.

Nationaliteten eller tjodskapen i eit folk er nærmast aa kalla ei sjæl, ein grunnhaatt, ei opphavskjelda i blodet. Nationaliteten vitnar um seg i sed, i tankegang, hugsyner, dragnad i folket; men hans innarste liv og soga andar i tungemalet – ordet er aand. Difyre ber nationaliteten i si dypt forntidi – baade det som er i minnet og det som gløymt er. Difyre ber nationaliteten i si høgde framtidi – det unge som skal veksa, og jamvel det uborne.

Krenkja nationaliteten er aa drepa noko som tidi har ale, og Gud har fødd.

Tjodtanken, nationaliteten, naar han fær vera rein og sann, so byggjer han aldri mur um eit folk. Han vekkjer just den rette vyrnad for det sermennelege kor det finst – den høge age for det som er folkesjæli – det váke skyn paa dette som er naturbotnen og det grunneigne i tjodet. Nationaliteten skal vera den gjævaste forstaaing millom folki; han er kjærleik.

Men nationalitetstanken, som har vorte klædd inn i taake og usanning – han vert nationalt høgmod og sjølvtykkje, national magtbrund og yvermanns-skamløysa. Og handsterke førarar grip honom straks, og brukar honom som samlings-øl innerter i folki, men som vanleg vaapnpolitik utetter mot verdi.

Slik har t.d. Tyskland ureina nationalitetstanken for seg. Nationalkjensla, som ligg i dei ymse folk i det tyske rike, lokkar leidarane yver til rikstanken, keisartanken, eller som det helst vert kalla germansk rasetanke – det støyter mindre og lyfter meir. Det heiter at dei gaar fraa det inngrensa til det større. Og naar Tyskland møter nationalkjensla hjaa smaafolk som det hertek (Polen, Slesvik), daa evar det seg ikkje, men hogg like inn i det organiske liv, og seigpiner sjæli – nationaliteten i desse folki. Det kræv at offeret skal vera tysknationalt til fastsett dag. Tyske menneskje kann staa der aa mismæta det mennelegt serbygde i andre. Men dette er raatt.

Tyskland lét nationalitetstanken liggja no mesto, det gaar attum alt det nationarne har reist og skapt i Europa, gaar heilt attende til midalderen, til tanken um væpna magttevling millom rasarne. Det er gamle Hohenzollardraumar um verdsherredømet, som driv inn paa denne vegen. Og morgonsynet av eit politisk Stor-Germania har merkeleg evna til aa festa tenarar, fyregangarar, roparar i Tyskland.

Men no var det fridomshug og røynsla, og sann sjølvkjensla som i si tid løyste nationalitetstanken fram. Dei politiske rasebandi og stridsbandi brast av seg sjølv den gongen. Og me veit at nationarne er det som har gjort noko. Men no vil tysken byggja eit politisk germanrike – eit magtrike. So her maa ein ottast. Skal det vera magt, maa det vera einskap; men skal det vera einskap, maa det mest servaksne toppast og kvistast. Det vert tvang, tap – sume stader draap. Men daa vert dette nye rike berre eit tyran-rike til skade og til fall.

Nei, men medvite samling til ein stor kulturheim for alle germanarfolk, det maatte ha livet og voksteren for seg. Eit fritt samnøyte og gaaveskifte millom nærskyldte tjod, det vart styrke. Rasen kunde liksom kappast i aakerbruk innerter sjælevidderne sine. Det torde vera moge korn aa høysta inn for all mannaætti av det – kunde vonast.

9.

Kann det tyske sambandsrike veksa til noko heilt – indre og ytre? Ja, det har vore spursmaalet alt sidan 71. For det er ikkje nok, at riket staaar tettpakka naar det gjeld det politiske og militære, og held som ein rygg mot skuvet utanifraa. Det skal samvokster til. Riket maa veksa inn i social og folkeleg heilskap, og det maa veksa den fine vokster til moralsk heilskap. Fyrr enn det hender kann ikkje tyskeriket hitta alt av skatt og eign som ligg i det tagalle djup, det kann ikkje fyrr handfanga fleire krefter enn dei som sym nærmast yverflata. Det er ikkje nok for riket aa setja eit høgt maal for tanke og vilje – endaa um det lærer landslyden aa tenkja og vilja dette maalet. Det maa banka eit hjarta i helsug ro, og det maa liva ei harmonisk sjæl skal riket senda ut eit tjod millom folki.

Og nett dette heng som ei kjensla yver alt tysk arbeid. Folket vil vinna det dei ikkje har. Difor er her slik ei samling, ei sveising, ei onning til aa naa heilskapen og styrken. Difor gaar her eit politisk drag gjennom alt og alle. Og ingen neve kviler, men kvar-mann er eldfengt. Det er ein draatt so hard, at jamvel den stille vitskap tek part, sokeskrivingi gaar heilt i tysk riksaand. Og sterke evner i diktheimen tolkar det nye Tyskland med umtanke og einingstanke, so det tyder paa noko meir. Romanarne til Gustav Frenssen t.d. lyfter høgmaal for riket, teiknar paa dragande maate utsyni som opnar seg i det nytyske tilværet, og syner oss djupet i tysken, no med han røter seg i det store fedralandet. Og ikkje mindre paa si vis Clara Vibieg; ho legg samlingi av Tyskland til grunn i nokre av bøkene sine. Ein maa tru det er magt og lærdom for ein tyskar, naar han les um striden millom Rhinlandi og Prøyssen – kann sjaa det endar med fagert giftarmaal, so milda og varmen gaar i hop med det ”sweren, strengen Preuszenblut” til lovnadsrik framtid.

Du maa sanna det er onn og arbeid og samlingsvilje yver Tyskland. Du ser at det er eit veldig gangverk som set straumen iveg, tekniken bjuglar ikkje, og traadarne er greide. Ny-tysk vilje er her, maalet er klaart som alltid, auga er ope for Amerikasamheldet der vest. Dinæst har Tyskland no i yver firti aar vandra med Prøyssen, og har fenge svip av føraren. Men tysken er byrg av sitt nye huglag, held det for det største samlingsmerke han har. Snart godkjenner han ikkje andre nationale eigenskapar, enn dei sterke prøyssiske.

Og no ser han nok attende paa sigrar og velgang sumtid. Han trur paa eigen styrke og takkar seg sjølv for skjenk. Han veit at det er prøyssaraanden i honom, som har vunne magt i verdi.

10.

Men kva gagna det aa vinna den heile jord, um uheppa skulde vera at ein tapte si sjæl!

Minnest eg Tyskland og let augo att, so ser eg landet so vel. Der skyl havet inn paa strenderne i nord og vest. Der ris landet tryggelegt og tungt, og vandrar rolegt søretter. Men so gaar det til høgd, og til velde og fjell; og her stig soli avlig aa kjenna. No fær det tunge landet varme hugskòt, braae blink og ynde og draum og druvor. Men ogso pryda av matfør jord, og store godtrugne humlehagar. Men ogso heilage domkyrkjespir, som ris upp av det fredsæle.

Landet har lagt seg moderlegt til under ein vid, høg himmel. Det har kasteduk yver herdi, det skollar i raudt, svart og kvitt. Paa den blanke brjostspongi er det grave eit ørnebilæte, yver knei ligg eit krosshjalta germanarsverd. Og søneflokken staar kringum. Kleist stirer hugsprengd framfor seg. Schopenhauer halvt syng, halvt talar sin tanke um livsens natt, Hebbel dreg duken ifraa og syner oss korleis lagnaden kann rista runorne; men Schiller staar der med sitt opne yverfløde, Kant med si tru, Fichte med sin pligt, Heine drikk sol og taarar, Goethe naar guddomsro, - og attmed honom staar Wagner, han er liksom det underlege morgonbrus i Odins tun-tre, som slegti grunar yver.-

Men so kjem dagen innpaa deg med ljod og ljøs, og synet av Tyskland er eit anna straks. Jarnvegjerne ryn, fabrikarne sotar, vaapni smell paa ekserplassarne, og det er pengeadel, krigsadel, Bismarck kor ein vender. – Nei, med attlate auga ser du berre det Tyskalnd som var, og møter du berre den tyske sjæl som no vert halde for gamall. Det tyske rike har svelta sjæli, med det har ale riksaanden og prøyssarviljen. Med teknisk kunst har det stengt att draumedypti i folkehugen, og soleis kunde ikkje tysk sjæl finna strøymande vatn, men maatte talmast. Men verdi har tysken vunne, maskinor og store byar har han vunne, skip i alle verdsens hamnar, varor paa alle verdsens torg.

Wir wollen – les du paa riksdagshuset i Berlin; tysken har sett seg eit ordtak der, og dette er dei tvo fyrste ordi. Og det er sant som det er sagt, det tyske rike veit at det vil, og veit kva det vil. Fraa 71 og til no har det ikkje vingla ein einaste mole. Det har havt framstig ustanseleg, og vinnelysti jamt; men framgangen har vore viljeverk meir enn sjølvdriven vokster.

Og her er det daa med at den tyske styrken har sin brest. Odlingi har villast fraa honom, og han har sett upptemjingi i staden; men det siste kann ikkje vega likt med det fyrste, tysken er nøydd til aa staa med tap til siste slutt. Trass all sveising og samling.

Utsyn.

1.

Det ligg traa i det tyske folket; det er ein arv fraa dei gamle germantider daa slegti vandra. Det staa som ei uro under tysk viljestyrke, det er ein utlengt som tidt driv inn i det ugressa. Tysk tenkjing har alle tider lett fare paa vidfjellet; og tysk dikting gjev òg so merkeleg storhendt. Er det verksdrift og handel det gjeld, daa skal det skuvast upp i risehøgde; er det politikk, so er det draum um herredøme og fyremuner som ingen slutnad er paa. For tysken vil ha, at det store maa gøyma toppen i skyerne, so han ikkje ser alt. Han maa ha noko for sin tanke og si traa.

Det ligg ogso ein soldraum i det tyske folket; det er draget mot sør. Du finn det i gamall tid, og du finn det no; det har lege i blodet; du møter det hjaa Goethe dengong, og du møter det hjaa Hauptmann no so seint som i hans siste bok (1914). Det er eit drag som det tyske har mot det bjarte og harmoniske i gresk aand – og ikkje minst lengt mot det blaa og varme yver Midhavet. Medan tysken dyrkar vitet, og ærar viljen og dugleiken i seg – so samstundes kjenner han paa seg, at han er ikkje fullforma og ferdig. Det berst fyre at det sermennelege i honom har krav, som han forlite ansar. Det er noko han gaar glipp av – ei liti aln lagt til sin indre vokster. Ha kjenner det nok, men han har ikkje tid aa hefta seg, verdi ligg framfyre med tusen foretningskrav, det er tusen muner aa vinna – og England og Frankrik er til. Nei daa

steinar han heller sine linne draumar, og gjer seg hard. Paa den maaten døyver tysken tvidraget i seg – no etter merkeaaret i 71.

Det er eit ovstort tap for verdi og honom sjølv. Skal tysken atter kunna reisa det minnestore og varande, slik som det ligg i hans traa, daa maa han ikkje forherda seg i havansykja og vaapnpolitik. Han maa gjera eit attervende. Han maa løysa sin beste arv, og koma med styrke til folki. Ikkje med vaapnmagt, men med kulturmagt.

Elles – den store rasetanken hans er veldig. Pangerman-tanken gjev utsyner so store, at ein staar still og berre ser. Og slik som tysk krigsaand har forma honom til ein magtstrid millom rasarne um herreveldet paa jordi, so er det eit dramatisk spenn i det utan like mest. Men du kann heller ikkje dylja, at naar du minnest det er notids naturvitskap som ligg under – denne materialistiske lov at magt er rett, so skaaldar det ideale av so altfor mykje. Maalet for denne veldige rasestrid er ikkje stort, som det rans for deg, ikkje nytt og guddomlegt. Maalet for rasekampen er berre – magt! Daadskraftig egoisma!

So gaaverikt og sterkt som det tyske folk er, det vøre verd aa naa fram til det største utsyn eit tjod kann gripa. Eit klaarare og vidare utsyn enn rasetanken lovar, og som kann gjeva rasetanken meining. Eit velde og ei kjensla som vil forma tysk karakter fagrare enn krigssyner og kalde tankestyttor. Eg meiner Kristi veldige rikstanke, den store verdsenstanken, brodertanken. Han krev ikkje mindre daadshug, ikkje mindre evna til aa lyda og til aa styra, enn det politiske magtrike. Og med eitt slag kann han føra den tyske uro og traa under det høgste kvelv, som mannaætti har reist.

For medan rasetanken rullar fram som ei dulsam havsbylgja, og sopar den einskilde med i suget, so set Kristtanken den einskilde paa frimanns stol. Han held den eine likso stor som ein rase paa millionar, og set den einskilde paa same vilkaar i striden millom vondt og godt, som rasen eller tjodet. Dessutan krøv Kristi rikstanke den einskilde til ansvar – i ein viss mun – for alle. Naar det tyske folk tek si rasekjensla fram paa denne sybnshøgd, daa ser det straks, at det vert ikkje megtigt i lengdi med jarn og blod. Det skal uvanleg mykje meir til. Det skal storo mykje meir til aa faa magt, klaaring og forklaaring for ein stor nation.

2.

Tyskland staar no i krig med halve Europa. Alt me veit med vissa fraa krigsvollarne er, at tysk kraft har synt seg hardare og djervare enn nokon gong. Me ser at tysken i dag kjenner som alltid fyrr eit heilagt kall til aa gaa i krig. Det er atter ei løynfull tru paa at blod helgar Tyskland og nærer germanaraanden. So den einskilde kjenner, at dauden paa slagmarki er pligt og fest og verdfullt offer samstundes.

Tyskland har no ein av dei domsdagar, som soldatkongarne i ætti Hohenzollern rekna med maatte koma – og som dei ynskte maatte koma – og som dei har uppseda prøyssaren, sidan tysken til aa møte paa sterkaste maaten. Vegen kann tykkjast lang fraa markgreivarne i gamle Brandenburg og til keisaren i det nye Tyskland, men leidi er opi og synleg. Huguen og haatten, eigenskapar og synsmaatar, midlar og maal har vandra vegen og naatt fram. Og det ser alle lett: Dei blanke sverd, som vart saadde som fræ i Brandenburg-Prøyssen – dei har grott til magtglade kanonor i Prøyssen-Tyskland.